



Pressemelding 9. desember 2021

## **Varslar nye tiltak for Alver**

**Rekordmange innbyggjarar har fått påvist koronavirus i Alver hittil denne veka. Kommunen vurderer no påbod om munnbind og strengare karantenerreglar.**

Sist veke fekk 78 personar i Alver påvist koronavirus. Hittil denne veka har kommunen fått 107 positive prøvesvar frå laboratoriet på Haukeland, og kommunen ventar at talet vil stige ytterlegare.

– Smittesituasjonen gjer at vi har behov for fleire tiltak enn dei regjeringa nyleg innførte. Vi jobbar difor med ei lokal forskrift som skal supplere dei nasjonale tiltaka, fortel ordførar Sara Hamre Sekkingstad.

Tiltaka kommunen vurderer er:

- 1) Påbod om munnbind i situasjonar der det ikkje er mogleg å halde ein meters avstand.
- 2) Karanteneplikt for husstandsmedlemar og andre nærkontaktar.

Detaljane i den nye forskrifta er ikkje heilt klare enno, men ordføraren ønskjer å gi innbyggjarane ein forvarsel på det som kjem.

– Eg ber alle om å gjere det dei kan for å bidra til å bremse utviklinga, seier ordføraren.

Sjølv skal ho stå på Knarvik senter fredag ettermiddag denne veka og onsdag formiddag neste veke for å dele ut gratis munnbind til dei som har gløymt eller manglar munnbind.

– Eg forstår at dette er tøft for mange, og vil appellere til alle innbyggjarar om å støtte kvarandre. Sjå rundt deg og vurder om du kan gjere noko for ein nabo som er åleine og treng hjelp eller berre ein prat, seier Sekkingstad.